

FJORDABAATANE  
Postboks 587  
5806 BERGEN

Dato: 22.05.2018  
Vår ref.: 2017/610-324  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## **Driftsstønad til institusjonar/organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett 2018**

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2018 i møte 12.12.2017, sak 105/17 og har tildelt .Fjordabaatane eit driftstilskot for 2018 på **kr 400.000,- til Fjordsteam 2018**.

### **FØRESETNADER FOR TILSKOTET:**

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til Kultur- og idrettsavdelinga.
- Den regionale kulturplanen er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert
  - følgt.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert
  - forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og
  - opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Profilhandbok/Logo/>. Sjekk at de brukar Hordaland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne, publikumsretta aktivitetar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege,
  - vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

### **RAPPORTERING**

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding seinast innan 1. mai kvart år

### **UTBETALING**

Tilskotet vil bli utbetalt til bankkonto 3628.56.58483 med det første.

### **KLAGE**

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak.

## REGIONAL KULTURPLAN

*Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* legg føreseielege rammer for regionale satsingar innan museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kunstformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i åra fram mot 2025. Fylkeskommunen har ei regional utviklarrolle med eit særleg ansvar for å sjå dei ulike ressursane i samanheng. For å nå målet om Hordaland som leiande kulturregion inneber dette mellom anna at kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping. Handlingsprogrammet for 2015-2018, sist handsama i Fylkestinget 12.12.17, - PS 124/17, inneheld dei tiltaka som skal bidra til å nå målsetjingane i kulturplanen. Føresetnaden for det regionale driftstilskotet er at verksemda set seg inn i innhaldet i regional kulturplan og arbeider i høve dei målsetjingar og tiltak som den gir for det aktuelle feltet.

Fokus på barn og ungdom er ei gjennomgåande satsing i kulturplanen. Hordland fylkeskommune oppmodar difor om å legge til rette særskild for desse målgruppene.

Regional Kulturplan 2015 – 2025: [http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk\\_kulturplan.pdf](http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk_kulturplan.pdf)  
Det vert elles vist til Fylkestinget sitt budsjettvedtak sak 105/17.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
seksjonsleiat/utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*